



Olje- og energidepartementet
postboks 8148 Dep,
0033 OSLO

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
10 101146 - 10	
DATO	23 MAI 2011
AN	EKSP.

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201008018-12/344/GMAT

Dykkar ref.:
NVE 201003047-32

Bergen, 20. mai 2011

Statoil ASA - Søknad om konsesjon for nye kablar til Troll A-plattforma i Nordsjøen – fråsegn Hordaland fylkeskommune

Vi viser til brev dagsett 22.03.11 der Hordaland fylkeskommune er beden om å gje fråsegn til Statoil ASA sin søknad om konsesjon for nye kablar til Troll A-plattforma i Nordsjøen.

Fylkesutvalet i Hordaland handsama på møte 19.5. sak 99/11 og gjorde følgjande vedtak om fråsegn:

1. *Fylkesutvalet ser det er trøng for forsterking av kraftforsyninga til Troll A, og meiner trygg og stabil energiforsyning til regionen er det viktigaste ved val av tilkoplingspunkt. Når NVE vurderar Kollsnes som det beste tilkoplingspunktet og at kraftforsyninga til Kollsnes vil vere sikra innan dei naudsynte tidsfristane har fylkesutvalet ikkje grunnlag for å overprøve dette. Fylkesutvalet vil likevel åtvare mot eit val av ny kraftforsyning til Troll A som tvinger fram konfliktfylte løysingar for kraftlinia Kollsnes-Mongstad grunna tidspress, og viser til eigen fråsegn om denne saka..*
2. *Søknaden til Statoil syner vilje til bruk av lengre sjøkabel med tilhøyrande meirkostnader for å få på plass ei trygg forsyning av Troll A uavhengig av andre kraftlineprosjekt. Fylkesutvalet meiner dette viser at kraftforsyning til Troll A og finansiering av konfliktreduserande tiltak med auka kabling på 300(420)kV lina Kollsnes-Mongstad er relevant å sjå i samanheng.*
3. *Når det gjeld kulturminne viser ein til tidlegare merknader frå Fylkeskommunen og Bergen Sjøfartsmuseum i saka.*

Vedlagt følgjer kopi av møtebok og saksutgreiing. Vedtak og saksutgreiing kan ein og lese på nettstaden www.hordaland.no/energi.

Gudrun Mathisen

Anne-Gro Ullaland

Kopi: Norges Vassdrags- og energidirektorat

**99/11 HØYRING NVE INNSTILLING OM KRAFTFORSYNING TIL TROLL A -
FRÅSEGN**

Det var 14 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

VEDTAK

1. Fylkesutvalet ser det er trong for forsterking av kraftforsyninga til Troll A, og meiner trygg og stabil energiforsyning til regionen er det viktigaste ved val av tilkoplingspunkt. Når NVE vurderar Kollsnes som det beste tilkoplingspunktet og at kraftforsyninga til Kollsnes vil vere sikra innan dei naudsynte tidsfristane, har fylkesutvalet ikkje grunnlag for å overprøve dette. Fylkesutvalet vil likevel åtvare mot eit val av ny kraftforsyning til Troll A som tvingar fram konfliktfylte løysingar for kraftlinja Kollsnes-Mongstad grunna tidspress, og viser til eiga fråsegn om denne saka.
2. Søknaden til Statoil syner vilje til bruk av lengre sjøkabel med tilhøyrande meirkostnader for å få på plass ei trygg forsyning av Troll A uavhengig av andre kraftlineprosjekt. Fylkesutvalet meiner dette viser at kraftforsyning til Troll A og finansiering av konfliktreduserande tiltak med auka kabling på 300(420)kV lina Kollsnes-Mongstad er relevant å sjå i samanheng.
3. Når det gjeld kulturminne, viser ein til tidlegare merknader frå Hordaland fylkeskommune og Bergen Sjøfartsmuseum i saka.

Regionalavdelinga

Klima- og naturressursseksjonen

Arkivsak 201008018-9

Arkivnr. 344

Saksh. Anne-Gro Ullaland,

Saksgang

Kultur- og ressursutvalet

Fylkesutvalet

Møtedato

10.05.2011 - 11.05.2011

19.05.2011

HØYRING NVE INNSTILLING OM KRAFTFORSYNING TIL TROLL A – FRÅSEGN

SAMANDRAG

Troll A plattforma i Nordsjøen har elektrisk kraftforsyning frå land. Ettersom trykket i reservoaret minkar er det naudsynt med trykkstøtte for å transportere gassen til Kollsnes for eksport til Europa. Statoil har søkt om to nye likestraumskabler og ein vekselstraumskabel frå land til Troll A, med to alternative tilkoplingspunkt til kraftnettet; Mongstad og Kollsnes. Kollsnesalternativet følger eksisterande kabeltraseear og er noko rimelegare då kabelstrekket er kortast, medan Mongstadaralternativet er mest robust om anna nettforstering ikkje er på plass i tide. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) si innstilling ligg no føre, og Olje- og energidepartementet har sendt den på høyring. Av omsyn til trygg energiforsyning uavhengig av andre nettforsterkingar var Statoil sitt primærvål i søknaden Mongstad. Tilrådd løysing frå NVE er Kollsnes, då dei meiner kraftforsyninga til Kollsnes vil vere sikra innan naudsynte tidsfristar.

FORSLAG TIL INNSTILLING

1. Fylkesutvalet ser det er trong for forsterking av kraftforsyninga til Troll A, og meiner trygg og stabil energiforsyning til regionen er det viktigaste ved val av tilkoplingspunkt. Når NVE vurderar Kollsnes som det beste tilkoplingspunktet og at kraftforsyninga til Kollsnes vil vere sikra innan dei naudsynte tidsfristane har fylkesutvalet ikkje grunnlag for å overprøve dette. Fylkesutvalet vil likevel åtvare mot eit val av ny kraftforsyning til Troll A som tvinger fram konfliktfylte løysingar for kraftlinja Kollsnes-Mongstad grunna tidspress, og viser til eigen fråsegn om denne saka.
2. Søknaden til Statoil syner vilje til bruk av lengre sjøkabel med tilhøyrande meirkostnader for å få på plass ei trygg forsyning av Troll A uavhengig av andre kraftlineprosjekt. Fylkesutvalet meiner dette viser at kraftforsyning til Troll A og finansiering av konfliktreduserande tiltak med auka kabling på 300(420)kV lina Kollsnes-Mongstad er relevant å sjå i samanheng.
3. Når det gjeld kulturminne viser ein til tidlegare merknader frå Fylkeskommunen og Bergen Sjøfartsmuseum i saka.

Paul M. Nilsen

Jan Per Styve

Vedlegg: Administrativ fråsegn dagsett 24.8.10

FYLKESRÅDMANNEN, 27.03.2011:

1. Innleiing

Statoil ASA har søkt om nye kraftkablar til Troll A-plattforma i Nordsjøen. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har vurdert søknaden og oversendt si innstilling i saka til Olje- og energidirektoratet (OED). Før OED fattar vedtak i saka har dei sendt NVE si innstilling på høyring, med frist 13.mai. Fylkeskommunen vil sende innstilling frå Kultur- og ressursutvalet 10.mai som førebels fråsegn, med ettersending av vedtak frå Fylkesutvalet.

Parallelt med denne saka har NVE også vurdert søknaden frå BKK om ny 300kV line frå Kollsnes til Mongstad, og OED har også sendt denne innstillinga på høyring. Denne saka vert handsama separat.

2. Prosjektet

2.1 Bakgrunn

Troll A med oppstart i 1996 var den første plattforma i Nordsjøen som vart utbygd med elektrisk forsyning frå land. Frå oppstart av anlegget har det vore klårt at ettersom trykket i reservoara minkar, må ein ha trykkstøtte for transportere gassen til Kollsnes før vidare eksport til Europa. I 2005 vart dei første to prekompressorane installert på plattforma, og frå 2015 må ein ha to nye prekompressorar på plass. Eksisterande elforsyning er basert på landstraum frå Kollsnes gjennom to par likestraumskablar til dei elektriske motorane som driv kompressorane. I tillegg er det ein vekselstraumskabel frå Kollsnes til straum for bustadkvarter og hjelpesystema på plattforma.

2.2 Søknaden

Søknaden gjeld konsesjon for to nye par likestraumskablar til forsyning av motorane til 3. og 4. prekompressor, med tilhøyrande likerettaranlegg på land. I tillegg ekstra vekselstraumskabel framtidig auka energibruk på plattforma og redusere risiko for stans i gassproduksjonen grunna feil ved straumforsyninga. Det ligg føre to alternativ for landanlegg og startpunkt for kablane: Kollsnes og Mongstad. Anlegg på plattforma vert lik for begge alternativ, med prekompressor, elektriske motorar, elektriske anlegg og brytaranlegg. Estimert kostnad for anlegg på plattforma var kostnadsrekna til 8,8 mrd kr i søknaden frå 2010.

Alternativ 1: Kraftforsyning frå Mongstad

To par likestraumskablar (DC), kvar på 80 km, drive på spenningsnivå +/- 60kV. 80 km vekselstraumskabel (AC) drive på spenningsnivå 66 kV. Felles kabeltrase ut Fensfjorden og sørover til Troll A. På land likerettaranlegg for likestraumsanlegget og brytarfelt både for likestraum og vekselstraum. Kostnad for kabling og landanlegg er i oppjusterte tal rekna til 2,3 mrd kr.

Alternativ 2: Kraftforsyning frå Kollsnes

To par likestraumskablar (DC), kvar på 69 km, drive på spenningsnivå +/- 60kV. 69 km vekselstraumskabel (AC) drive på spenningsnivå 66 kV. Felles kabeltrase langs eksisterande kabeltrase frå Kollsnes til Troll A. På land likerettaranlegg for likestraumsanlegget og brytarfelt både for likestraum og vekselstraum. Kostnad for kabling og landanlegg er i oppjusterte tal rekna til 2 mrd kr. Lågare kostnad skuldast i hovudsak kortare kabelstrekk.

Trass høgast kostnad for forsyning frå Mongstad var dette Statoil sitt prioriterte alternativ på søknadstidspunktet, då dei ikkje var trygg på at naudsynt nettforsterking til Kollsnes ville vere på plass i tide.

3. Tidlegare fråsegn i saka

Hordaland fylkeskommune mottok høyringsbrev i saka 8.juli 2010 med høyringsfrist 1.september. Med høyring i feiretida vart det valt å gje fråsegn administrativt for å kunne halde høyringsfristen. Administrativt svar datert 24.august 2010 er lagt ved saka.

Utdrag frå brevet:

Fylkesutvalet har stilt seg positiv til styrking av kraftnettet mellom Kollsnes og Mongstad gjennom sin fråsegn til konsesjonssøknaden for ny 300kV kraftline Kollsnes-Mongstad (FUV sak 167/08), og har her som i saka om Sima-Samnanger kravd kabling. Ved at konsesjonsspørsmålet ikkje er avklart enno har vi forståing for at Statoil også må vurdere netsituasjonen utan denne styrkinga av kraftnettet. Nettanalysane synar at kraftforsyning frå Mongstad gjev best regularitet og er Statoil sitt primærvål. Ut frå strategi og delmål i klimaplanen er dette også den løysinga vi vil rá til av omsyn til leveringstryggleiken. (...)

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune ser behovet for forsterking av kraftforsyninga til Troll A. Ut frå omsyn til regularitet i energiforsyninga vil Hordaland fylkeskommune rá til at Mongstad vert valt som kraftforsyningsstad for dei omsøkte nye likestraumskablane og den nye vekselstraumskabelen til Troll A plattforma. For kulturminne viser vi til merknaden ovanfor der Bergens sjøfartsmuseum og Hordaland fylkeskommune må kontaktast for nærmere avklaringar.

Kommunane Lindås, Austrheim, Fedje, Radøy og Øygarden kommune viser i felles fråsegn forståing for trøgen for meir kraft til Troll A og er positive til at Mongstad vert valt som tilknytingspunkt. I samband med ei slik løysing bad dei og NVE om å vurdere om omsøkte 300(420)kV kraftline Kollnes –Mongstad kunne byggjast med lågare spenningsnivå og slik gjere kabling av denne lina rimelegare.

Av uro for forsyningstryggleiken peikte både Statnett og BKK på at ei tilkopling for meir forbruk på Troll A ikkje burde finne stad før nettforsterking Sima-Samananger og Mongstad-Kollsnes var sett i drift og konsesjon på plass for Mongstad-Modalen. BKK peikte vidare på at uansett tilkoplingspunkt er planlagde liner Kollnes-Mongstad og Mongstad Modalen naudsynt å få på plass.

Det er seinare også kome fram at nye vegløysingar frå Bergen til Fjell og Sund inneber at eksisterande 132 kV liner og 300kV lina Fana-Kollsnes som er hovudforsyninga til gasterminalen på Kollsnes må vere utkopla over tid. BKK meiner det er uaktuelt med lengre utkopling av denne lina før lina Kollnes – Mongstad er på plass, og situasjonen vert ytterlegare forverra ved eit auka forbruk på Kollsnes.

4. NVE si tilråding

NVE vurderer at det er naudsynt å forsterke energiforsyninga til Troll A med elektrisitet frå land for å oppretthalde produksjonskapasiteten også etter 2014/15, slik det vart gjort greie for i Plan for utbygging og drift (PUD) vedteke ved kongeleg resolusjon 19.6.2009.

NVE er samd i at forsyningssituasjonen i Bergensområdet tilseier ein ikkje bør kople til nye store forbruk før naudsynte nettforsterkingar er på plass. NVE har fått informasjon om at BKK må inngå kontrakt med kabelleverandør for 300(420)kV lina Kollsnes –Mongstad innan tredje kvartal 2011 for å ha lina i drift til 1.1.2015. Då effektforbruket for Troll A frå aukar gradvis frå 2015 til 2018 meiner NVE at det vil vere mogeleg med mellombelse systemvernloysingar i ein periode sjølv om nye kablar til Troll A vert kopla til før nettforsterkinga er heilt på plass.

Trass høgare kostnader prioriterte først Statoil tilknyting frå Mongstad, grunna manglande tryggleik for at nettforsterking ville vere gjennomført innan naudsynte tidsfristar for prosjektet. NVE har i januar 2011 fått avklart med Statoil at om Kollsnes-Mongstad vert sett i drift innan 2015 vurderar dei kraftforsyning frå Kollsnes som det beste tilknytingsalternativet.

Når det gjeld andre arealinteresser har ingen av alternativa særskilt høgt konfliktnivå. Ei viss tilpassing til fiskeinteresser, ankringsområde og kartlegging med tanke på marine kulturminne kan vere naudsynt for Mongstad. Parallelleføring med eksisterande kablar Kollsnes –Troll A er vurdert å vere noko betre enn Mongstad-Troll då ein samlar inngrepa og tidlegare har avklart at det er lagt konfliktnivå langs denne traseen. Skilnaden mellom alternativa er likevel for liten til at det er avgjerande for val av løysing.

Kostnadsmessig og systemteknisk vurderer NVE tilkopling frå Kollsnes som den beste løysinga. Framdrift for bygging av Sima-Samnanger tilseier ferdigstilling i 2012. NVE har parallelt med denne saka vurdert søknad for Kollsnes –Mongstad, og har innstilt til OED at det vert gjeve konsesjon. På bakgrunn av dette meiner NVE at forbruksaukinga knytt til Kollsnes og Troll A kan iverksetjast utan at det går ut over forsyningstryggleiken i regionen. *NVE rår ut frå dette til at det vert gjeve konsesjon til forsyning av Troll A-plattforma frå Kollsnes.*

5. Vurdering og tilråding

Frå klimaplanen for Hordaland har ein følgjande nettrelaterte mål og delmål:

Strategi D: Hordaland skal ha ei robust, stabil og fleksibel energiforsyning

Delmål 11: Kraftnettet må ha kapasitet og drift som sikrar høg leveringstryggleik av elektrisitet i Hordaland. Effektoppane i straumnettet må også kunne dempast på etterspurnadssiden for å redusere fare for straumstans i høglastperiodar.

Robust og stabil energiforsyning er viktig for Hordaland. Det er det og for dei mange i Europa som nyttar den norske naturgassen som basis i si energiforsyning. Å utsetje /la vere å kople til kraftforsyning til kompressorane for trykkstøtte vurderer eg ikkje som ei aktuell løysing.

Tilråding om val av Mongstad som tilkoplingspunkt i den administrative fråsegna var basert på ynske om best mogleg regularitet i kraftforsyninga, og at Statoil prioriterte dette trass høgare kostnader med lengre kabling. I ettertid har det kome fram at Statoil gjerne vil ha Kollsnes som tilkoplingsstad om nettforsterkingane vert klar i tide.

Saka syner at tidshorisontar for viktige avgjerder i ulike større utbyggingsaker innbyrdes kan påverke kva løysingar som er mogeleg å velje. Gjennom å handsame dei to sakene kraftlinja Kollsnes – Mongstad og ny kraftforsyning til Troll A parallelt har NVE søkt å løyse denne utfordringa. Men ved å tilrå den mest konfliktfylte løysinga for Kollsnes-Mongstad har NVE truleg samstundes valt den mest tidskrevjande med tanke på den motstanden som venter prosjektet.

Statoil har i sin søknad vist at dei er viljug til å betale 300 mill kr for meir kabling for å få trygg energiforsyning på plass i tide. Desse midlane kunne langt på veg medverka til mindre konfliktfylt løysing for Kollsnes –Mongstad. Ei slik finansiering (anleggsbidrag) har NVE avvist i vurdering av søknaden for Kollsnes-Mongstad då lina vil inngå i eit masket nett, og også vil bidra til å betre den generelle forsyningstryggleiken i Bergensregionen. Med so tett kopling som det er mellom desse to sakene bør OED etter mi mening kunne sjå på momentet om anleggsbidrag på nytt.

Kulturminneinteresser

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Bergens Sjøfartsmuseum har kome med fagleg tilråding når det gjeld kulturminne i sjø. Riksantikvaren har også gjeve fråsegn i saka.

Sjøområda er ikkje tidlegare undersøkt, slik at ein per dags dato ikkje veit om automatisk freda kulturminne i sjø kan bli råka. Når det gjeld landområda er store delar av Kollsnes arkeologisk undersøkt på slutten av 80-talet. Mange lokalitetar har blitt utgravne og fjerna, men det ligg framleis automatisk freda kulturminne att i desse områda. Sjølv om dei er regulert til industri har tiltakshavar ansvar for at kulturminnelova vert følgt. Kartet som følgjer innstilling til konsesjonen er svært grovt, og det er uråd å slå fast om kablane og eventuelt nye anlegg vil kome i konflikt med dei registrerte lokalitetane eller ikkje.

For sjøområda kan undersøkingsplikta oppfyllast ved at Bergens Sjøfartsmuseum deltek når tiltakshavar skal gjere eigne undersøkingar. Undersøkinga må gjerast i *samarbeid* med museet. Vidare må det stillast krav om arkeologiske undersøkingar på land slik at ein får avklart om kablane vil råke automatisk freda kulturminne. Tiltakshavar må ta kontakt med Bergens Sjøfartsmuseum og Hordaland fylkeskommune i god tid før byggearbeida går i gang, og så snart som det ligg føre betre kartgrunnlag for kabeltraséane.

I NVE sin instilling til konsesjon for likestraums- og vekselsstraumskablar til Troll A, er det stilt vilkår om oppfylling av § 9 undersøkingar. Det er vidare skreve at "*Eventuelle direkte konflikter mellom det planlagte tiltaket og automatiske fredete kulturminner må avklares gjennom en dispensasjonssøknad etter kulturminneloven.*"

Hordaland fylkeskommune vil påpeike at eventuelle konfliktar med kulturminne i størst mogleg grad skal unngåast. Det er eit nasjonalt mål at tapet av kulturminne og kulturmiljø skal minimaliserast. Ved eventuell konflikt mellom tiltak og kulturminne bør ein flytte linja tilstrekkeleg, eventuelt velje eit anna trasealternativ. Det er kulturminnemynde sin oppgåve å vurdere om tiltak er i konflikt med kulturminne og eventuelt kva løysingar som skal krevjast, ei omlegging av traseen eller ein dispensasjon frå kulturminneloven.

Samla vurdering:

Det er naudsynt og viktig å få ny kraftforsyning til Troll A som ikkje set forsyningstryggleiken i Hordaland eller planlagde leveransar av naturgass til Europa på spel. Ein sentral del i val mellom Kollsnes og Mongstad som tilknytingspunkt er når kraftlinja Kollsnes –Mongstad vil vere på plass. Er ein trygg på at lina er på plass i tide er Kollsnes det rimelegaste og beste teknisk. Er lina ikkje på plass kan Mongstad vere det sikraste sjølv om det er noko meir kostbart. NVE hevdar at ein med systemvern og den gradvis auken i forbruket for dei nye kompressorane også vil kunne ha ei tilfredsstillande løysing frå Kollsnes om kraftlinja Mongstad-Kollsnes ikkje skulle vere på plass frå første dag. Søknaden til Statoil syner vilje til bruk av lengre sjøkabel med tilhøyrande meirkostnader for å få på plass ei trygg forsyning av Troll A uavhengig av andre kraftlineprosjekt. Eg meiner dette viser at kraftforsyning til Troll A og finansiering av konfliktreduserande tiltak med auka kabling på 300(420)kV lina Kollsnes-Mongstad er relevant å sjå i samanheng. Når det gjeld kulturminne viser eg til den administrative fråsegna med tidlegare merknader frå Fylkeskommunen og Bergen Sjøfartsmuseum i saka.